


ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN

2024 – 2028



Vedteken av Sande kommunestyre 07.05.2024

Sak 28/24

INNHALD

1. Føremålet med planen	4
2. Gruppeinndeling av alkoholhaldig drikk.....	5
3. Løyveperiode for sals- og skjenkestadane	5
4. Om skjenkeløyve	5
4.1 Vanleg skjenkeløyve	5
4.1.1 Konsept.....	5
4.1.2 Skjenketider.....	6
4.1.3 Vilkår for å få skjenkeløyve	7
4.2 Løyve ved einskildhøve.....	7
4.2.1 Konsept.....	7
4.2.2 Skjenketider einskildhøve	7
4.2.3 Vilkår.....	8
4.3 Ambulerande skjenkeløyve	8
4.3.1 Kva er eit slutta lag	8
4.3.2 Omfang og skjenketid for ambulerande skjenkeløyve.....	8
4.4 Sakshandsaming	8
4.4.1 Søkjar	8
4.4.2 Dokumentasjon	9
4.4.3 Innhenting av uttalar	9
5.1 Salsløyve	10
5.1.1 Varegruppe 1	10
5.1.2 Varegruppe 2 og 3	10
5.1.3 Salstider	10
5.1.4 Vilkår salsløyve	11
5.2 Sakshandsamingsreglar salsløyve.....	11
5.2.1 Søkjar	11
5.2.2 Løyveperiode.....	11
5.2.3 Dokumentasjon	11
5.2.4 Innhenting av uttalar	12
6. Kontroll med sals- og skjenkestader	12

7. Reaksjonar på brot på alkohollova	13
7.1 Prikktildeling og inndraging av sals- og skjenkeløyve.....	13
7.2 Sakshandsamingsreglar ved brot på regelverket	14
8.Sals- og skjenkegebyr	14
Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova	15

1. Føremålet med alkoholpolitisk handlingsplan

Kommunane har stor fridom til å utforme sin eigen alkoholpolitikk tilpassa lokale forhold, innanfor alkohollova.

«§ 1-1.Lovens formål.

Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»

Alkoholbruk kan vere ein medverkande faktor ved ulykker, vald, sjølvmondsåttferd, og skade på tredjepart. Døme på sistnemnde kan vere barn som lid under alkoholbruken til foreldra. Alkoholbruk har også mange negative konsekvensar for arbeidslivet som til dømes auka sjukefråvær og tapt produktivitet.

Alkohollova § 1-7 d pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Denne fastset kommunen sin løyvepolitikk, som skal gjennomføre alkohollova sitt formål; å redusere dei individuelle og samfunnsmessige skadane som alkoholbruk kan medføre. Effektive verkemiddel for å oppnå dette er å avgrense tilgangen på alkohol, ved til dømes regulering av sals- og skjenketider. Andre viktige tiltak er jamlege kontrollar med sals- og skjenkestadane, og raske reaksjonar ved brot på regelverket.

Kommunen må også kurse løyvehavar og tilsette ved sals- og skjenkestadane for å sikre ei ansvarleg alkoholhandtering.

Det er eit uttalt politisk ønske at kommunane i vår region har ein tilnærma lik løyvepolitikk, spesielt med omsyn til sals- og skjenketider, kontroll og handheving av regelverket. Dette på grunn av trafikktryggleik og likast mogleg konkurransevilkår for verksemdene.

Sakshandsamarane i samarbeidskommunane bør ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte ulike problemstillingar og sikre god samordning av praksis.

Kommunen sin alkohol- og løyvepolitikk må sjåast i samanheng med kommunen sine overordna planverk for rusmiddelpolitikk og folkehelse.

Sjå elles:

[Alkohollova](#)

[Alkoholforskrifta](#)

[Helsedirektoratet sine kommentarar til alkohollova heimesider](#)

[Folkehelseinstituttet sine](#)

2. Gruppeinndeling av alkoholhaldig drikk

Alkoholfri drikk	Under 0,7 %
Alkoholsvak drikk	0,7%- 2,5 %
Gruppe 1	Over 2,5 % - høgast 4,7%
Gruppe 2	Over 4,7 % - høgast 22 %
Gruppe 3	Over 22 % - høgast 60 %

3. Løyveperiode for sals- og skjenkestadane

Løyveperioden er inntil 4 år og skal vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Vedtaket vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og delegasjonsreglementet i kommunen.

Både sals og skjenkeløyve vert automatisk fornya etter fire år.

Det skal utarbeidast retningslinjer for slik automatisk fornying.

4. Om skjenkeløyve

Kommunen kan gi alminneleg skjenkeløyve, skjenkeløyve til einskildhøve og ambulerande løyve.

Servering av alkohol mot betaling krev løyve, medan servering av alkohol utan betaling normalt ikkje krev løyve.

4.1 Alminneleg skjenkeløyve

Kommunen har ikkje vedteke eit tak for talet på skjenkeløyve. Løyvet vert gitt med heimel i alkohollova og alkoholpolitisk plan.

4.1.1 Konsept

Følgjande verksemdar / driftskonsept kan få alminneleg skjenkeløyve :

- Hotell. Til hoteldrift vil det vere knytt restaurantar, diskotek, bar, nattklubb, selskapslokale og minibar på rom. Alle desse lokala vil vere ein naturleg del av vanleg hoteldrift, og vil verte omfatta av eit løyve. *Sommarhotell* er å tolke som større overnattingsstadar/internat, som har fått godkjenning som sommarhotell etter plan- og bygningslova for å drive hotellverksemd i sommarhalvåret.
- Serveringsstad/overnattingsstad, gjestegard, gardsturisme, "kulturisme" i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og / eller overnatting
- Restaurantar og enklare serveringsstadar
- Pub/bar
- Diskotek, nattklubb, restaurant med dans, konsertlokale

- Selskapslokale. Dette er lokale som i utgangspunktet har som driftskonsept å servere middagsgjester i slutta selskap. Slike stadar kan få skjenkeløyve med alle rettar.
- Bowlinghall. Lokale med bowlingbane som hovudkonsept kan få skjenkeløyve, men på særlege vilkår knytt til skjenketid. Det skal ikkje skjenkast alkohol før kl. 20.00 av omsyn til born og unge.
- Særlege tilfelle. I særlege tilfelle og etter ei nærare vurdering kan kommunestyret gje løyve til andre typar av driftskonsept.

Det vert som hovudregel ikkje gitt alminneleg løyve til:

- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- Undervisningsbygg
- Mosjon- og Idrettsarenaer
- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Kulturbygg- og bygg som vert nytta som grendehus
- Kino
- Campingplassar
- Soner som elles vert rekna som rusfrie
- Bensinstasjonar
- Gatekjøken
- Bingo
- Kioskar

Det skal førast ei restriktiv line med omsyn til nye konsept.

4.1.2 Skjenketider

Normal skjenketid	Gruppe 1 og 2	Alle dagar	Kl. 10.00 – 02.00 Både inne- og uteareal
	Gruppe 3	Alle dagar	Kl. 13.00 – 02.00 Både inne- og uteareal
Jul	2.juledag- 1.nyttårsdag		Gruppe 1 og 2: Kl.11.00-02.00 Gruppe 3: Kl. 13.00- 24.00
Påske	Måndag etter palmesøndag- 2.påskedag		Gruppe 1 og 2: Kl 11.00-02.00 Gruppe 3: Kl. 13.00-24.00

- Konsum av alkoholholdig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Konsum av alkoholhaldig drikk i uteareal skal slutte ved skjenketida sin slutt, alkoholhaldig drikke må då takast med inn i skjenkelokalet.

- Skjenkestaden skal sørge for å ivareta støymessige omsyn til naboar ved servering ute jf. kapittel 2 i Sande kommune sine politivedtekter.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Driftskonsept hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl. 09.00 alle dagar.

4.1.3 Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen set fylgjande vilkår for løyve, i samsvar med lovverket.

Desse kan vere:

- At minimum styrar og vara for styrar skal delta på kurset «Ansvarleg vertskap» så lenge kommunen tilbyr dette i løyveperioden. Ved skifte av styrar og/eller vara for styrar gjeld same vilkåret.
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.
- Skjenkestadane skal ha forsvarleg vakthald
- Ansvarlege for skjenkeløyve skal ikkje vere påverka av rusmiddel under skjenking.
- Gjentakande eller alvorlege brot på arbeidsmiljølova, eller løn under almenngjort tariff løn, kan føre til inndraging av skjenkløyvet.
- Skjenkeløyvet er ikkje gyldig før verksemda har godkjent serveringsløyve

4.2 Løyve ved einskildhøve

Løyvet kan tildelast arrangement som varer frå 1-6 dagar.

4.2.1 Konsept

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida. Jamfør opplæringslova § 9-5, 2. ledd.
- Campingplassar
- Soner som elles vert rekna som rusfrie, som symjehallar, skisenter, ungdomsklubbar, bibliotek og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet.
- Hudpleiesalongar, frisørsalongar, tatoveringsstudio og liknande.
- Ubetente butikkar (utan personale tilstades), Gatekjøkken, bensinstasjonar, kioskar, bakeri og liknande konsept.

Løyve for varegruppe 3 vert berre gitt til arrangement med matservering.

I samband med søknad om løyve for einskildhøve vert det bede om uttale frå politiet, sjå punkt 4.4.3.

4.2.2 Skjenketider for einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve, jf. punkt 4.1.2.

4.2.3 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår jf. alkohollova § 4-3 for løyve ved einskildhøve. Desse kan vere dei same som for vanleg løyve (Jf. Punkt 4.1.3). Normalt vil vilkår som vert sett vere knytt til:

- Vakthald under arrangement
- Løyve til bruk av bygg
- Løyve til bruk av uteareal
- Vilkår om eller dokumentasjon på at tryggleik er ivareteke, derunder branntryggingstiltak.

4.3 Ambulerande skjenkeløyve

Kommunen kan gje ambulerande løyve for skjenking til slutta lag der det vert teke vederlag for alkoholhaldig drikke.

I nokre tilfelle er det krav om løyve sjølv om skjenkinga vert gjort utan å krevje betaling, jf. alkohollova § 8-9

4.3.1 Kva er eit slutta lag

Med slutta lag meiner ein at det allereie før arrangementet tek til er danna ein slutta/privat krins av personar som samla for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale. Det inneber at arrangementet ikkje er ope for alle. Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande, *der det vert omsett alkohol*.

Ved leige av lokale er det ikkje utleigar som skal søkje, men den som held det slutta laget.

Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag.

For meir informasjon om [ambulerande skjenkeløyve og kva som skal reknast som slutta lag, sjå helsedirektoratet sine heimesider](#).

4.3.2 Omfang og skjenketid for ambulerande skjenkeløyve

Kommunen set eit tak på 5 ambulerande løyve på same dag.

Eit slikt løyve kan omfatte varegruppe 1, 2 og 3.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for alminneleg løyve, jf. punkt 4.1.2.

4.4 Sakshandsaming

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken innanfor rammene til alkohollova med forskrifter. Skjenking av alkoholhaldig drikke kan berre skje på grunnlag av kommunal løyve, jf. alkohollova § 1-4a.

4.4.1 Søkjar

Søkjar er den som har det økonomiske ansvaret for drifta og dette kan vere:

- Aksjeselskap, ansvarleg selskap, selskap med delt ansvar og stiftingar
- Enkeltmannsføretak
- Dotterselskap

4.4.2 Dokumentasjon

Ved søknad om vanleg skjenkeløyve skal følgjande dokumentasjon ligge ved søknaden:

- Eigarforhold.
- Dokumentasjon på at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva i alkoholova jf. alkoholova §1-7c
- Dokumentasjon for at styrar og vara for styrar er tilsett i verksemda
- Skisse over skjenkeareal inne og ute. Skjenkearealet skal vere skravert eller fargelagt.
- Kopi av overdragsavtale ved eigarskifte
- Internkontrollrutinar
<https://www.helsedirektoratet.no/tema/alkohol/guide-til-god-internkontroll-etter-alkoholoven>

Søknadar vert ikkje handsama før all vesentleg dokumentasjon er levert inn.

4.4.3 Innhenting av uttalar

Ved alminneleg skjenkeløyve skal kommunen innhente uttale før søknaden vert handsama. Kommunen pliktar å hente inn uttale frå politi og sosialtjenesta (i Sande ved kommuneoverlegen). Kommunen kan og innhente uttale frå til dømes skatte- og avgiftsmynde, mattilsynet, og andre aktuelle offentlege mynde.

Når ein innhentar uttale om vandel kan det ikkje takast omsyn til høve som er eldre enn 10 år.

Skatte – og avgiftsmynde

Skatteetaten gir uttale om kor vidt løyveharar stettar:

- Likningslova sitt krav om innlevering av sjølvmelding
- Meirverdiavgiftslova sitt krav om innsending av oppgåve over omsetting
- Plikt til å betale meirverdiavgift
- Krav til registrering av firmaet i meirverdiregisteret
- Skattebetalingslova sitt krav om arbeidsgivar sitt forskotstrekk
- Rekneskapslova sitt krav om at det vert ført rekneskap og at det utarbeidast årsoppgjer o.l.

Vidare vil ein få informasjon om løyveharar har vore involverte i konkursar med vidare.

Politiet

Politiet sin uttale peikar på tilhøve kring tryggleik, trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden og om det er andre tilhøve ved skjenkestaden, lokalisering og verksemda som tilseier at ein ikkje tilrår å gje skjenkeløyve.

Politiet skal i samsvar med lovverket gje uttale om søkjar og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra.

Sosialtenesta/Kommuneoverlege

Ved handsaming av alle søknader, med unnatak for dei som gjeld slutta lag, skal det innhentast uttale frå kommunen sin kommuneoverlege som har ansvar for å vurdere søknaden ut frå eit sosialpolitisk og helsemessig perspektiv.

Mattilsynet

Ved nyetableringar skal det kontrollerast med mattilsynet om verksemda er registrert i samsvar med næringsmiddelregelverket. Kopi av vedtak om løyve skal sendast mattilsynet.

5. Om salsløyve

Sal av alkoholhaldig drikk skal berre skje på bakgrunn av kommunalt løyve, jf. alkoholova § 3-1.

5.1 Salsløyve

5.1.1 Varegruppe 1

Alkohol i varegruppe 1 kan som hovudregel berre seljast av:

- Daglegvarebutikkar
- Ubetente daglegvarebutikkar med digital fjernbetening
- Spesialbutikkar for mat og alkohol
- Utsal frå stad med tilverknadsløyve, som t.d. gardssal
- Nettbutikkar
 - nettbutikkar med verksemdsadresse i kommunen må ha salsløyve
 - nettbutikkar med verksemdsadresse i andre kommunar, men som leverer ut alkohol i kommunen må ha salsløyve
 - utlevering av alkohol må finne stad innanfor fastsette tider for sal i kommunen, uavhengig av tidspunkt for bestilling eller betaling.

Det er ikkje høve til å opprette monopol for sal av varegruppe 1.

Det vert ikkje gitt salsløyve til:

- Bensinstasjonar og kioskar
- Som hovedregel i lokale der det er gjeve skjenkeløyve

5.1.2 Varegruppe 2 og 3

Sal av alkoholholdig drikk varegruppe 2 og 3 skal skje frå AS Vinmonopolet sine salsstadar.

5.1.3 Salstider

For salsstadar med løyve i varegruppe 1 gjeld desse salstidene:

Kvardagar	kl. 09.00 - kl. 20.00
Laurdag og dagar før heilagdagar	kl. 09.00 - kl. 18.00
Dagen før Krist Himmelfartsdag	kl. 09.00 – kl. 20.00

Det er ikkje tillate å selje alkohol i butikk søndagar, heilagdagar, 1. mai og 17.mai.

Vara skal vere betalt innan salstida sin slutt.

5.1.4 Vilkår salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve.

- Salsstaden skal delta på første moglege kurs i «ansvarleg sal» så lenge kommunen tilbyr det. Dette gjeld minimum styrar og vara for styrar. Ved skifte av styrar og/eller vara for styrar gjeld same vilkåret.
- rutinar for internkontroll skal leverast til kommunen seinast 1 måned etter at vedtak er gjort.
- Det skal utarbeidast rutinar for å kontrollere at personar som kjøper alkohol i sjølvbetente kasser ikkje er berusa (og fyller vilkåra for alder)
- Sal/utlevering av alkohol i sjølvbetente butikkar kan berre skje dersom det er personale til stades

5.2 Sakshandsamingsreglar salsløyve

5.2.1 Søkjar

Søkjar er den som har det økonomiske ansvaret for drifta og dette kan vere:

- Aksjeselskap, ansvarlege selskap, selskap med delt ansvar og stiftingar
- Enkeltmannsføretak
- Dotterselskap

5.2.2 Løyveperiode

Løyveperioden er inntil 4 år og skal vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre. Vedtak vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrift, forvaltningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og delegasjonsreglementet i kommunen.

5.2.3 Dokumentasjon

Ved søknad om alminneleg salsløyve skal følgjande dokumentasjon ligge ved søknaden:

- Eigarforhold. Dokumentasjon på eigartilhøve for alle selskap involvert i drifta. Attestane skal ikkje vere eldre enn 2 månadar. Kommunen kan i enkelte tilfelle be om meir dokumentasjon.
- Dokumentasjon på at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva i alkohollova jf. alkohollova §1-7c
- Dokumentasjon på at styrar og vara for styrar er tilsett i bedrifta
- Skisse over lokalet der sal skal skje
- Kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte
- Rutinar for internkontroll

Søknadar vert ikkje handsama før all vesentleg dokumentasjon er levert inn.

5.2.4 Innhenting av uttalar

Før det vert gjort vedtak om tildeling av alminneleg salsløyve skal kommunen innhente uttale frå politi og sosialtenesta (i Sande ved Kommuneoverlegen). Kommunen kan også innhente uttalar frå til dømes skatte- og avgiftsmynde, mattilsynet og andre aktuelle offentlege mynde.

Ved innhenting av uttalar om vandel er det ikkje høve til å legge vekt på tilhøve som er eldre enn 10 år.

Skatte – og avgiftsmynde

Skatteetaten gir uttale om kor vidt løyveharar til dømes stettar:

- Likningslova sitt krav om innlevering av sjølvmelding
- Meirverdiavgiftslova sitt krav om innsending av oppgåve over omsetting
- Plikt til å betale meirverdiavgift
- Krav til registrering av meirverdiavgift firmaet i meirverdiavgiftsregisteret
- skattebetalingslova sitt krav om arbeidsgivar sitt forskotstrekk
- Rekneskapslova sitt krav om at det vert ført rekneskap og at det blir utabeida årsoppgjør o.l.

Politiet

Politiet si uttale peikar på tilhøve kring tryggleik, trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden og om det er andre tilhøve ved salsstaden, lokalisering og verksemda, som tilsei at ein ikkje tilrår å gje salsløyve.

Politiet skal i samsvar med lovverket gje uttale om søkjar og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra.

Sosialtenesta

Sosialtenesta uttaler seg ut ifrå sosiale og helsemessige tilhøve.

6. Kontroll med sals- og skjenkestader

[Alkoholforskrifta kap. 9](#) inneheld føresegner om kontroll med sals- og skjenkeløyve.

Kommunen skal kontrollere alle sals- og skjenkestadar for å sikre at det ikkje skjer brot på regelverket, eller vilkåra i løyvet. jf. alkoholforskrifta kapittel 9.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538 - KAPITTEL 9>

Kommunen kan gjennomføre kontrollar med egne tilsette, engasjerte kontrollørar eller private vaktsselskap. Gjennom innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune er det per i dag inngått ein avtale med eit privat vaktsselskap, og det vil vere denne avtalen som regulerer omfanget og detaljane kring gjennomføringa av skjenkekontrollen.

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildarrangement og salsløyva. Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Det følgjer av alkoholforskrifta at kontrollen skal gjerast med minimum to kontrollørar, og kan vere open eller anonym. Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, føresegnene om aldersgrenser, og at det ikkje vert selt, eller skjenka alkohol til personar som er openbert påverka av rusmiddel. Kommunen skal elles sikre at kontrollen til ei kvar tid er tilpassa lokale tilhøve.

Det følgjer av alkoholforskrifta § 9-7 at kommunen skal gjennomføre minimum tre gongar så mange kontrollar per år som det er løyve, og kvar stad skal kontrollerast minimum ein gong per år. Kontrollane med ambulerande løyve og løyve for einskildarrangement kjem i tillegg til den ordinære skjenkekontrollen.

Saksansvarleg for sals- og skjenkeløyve i kommunen skal gjennomføre årlege planleggingsmøte med skjenkekontrollen.

7. Reaksjonar på brot på alkohollova

Kommunen pliktar å reagere dersom skjenkekontrollen, eller andre mynde avdekkjer at løyveharar ikkje har oppfylt sine plikter etter alkohollova, forskrifter, eller plikter som følger av sjølve løyvevedtaket.

7.1 Prikktildeling og inndraging av sals- og skjenkeløyve

Alkoholforskrifta har reglar om standardiserte reaksjonar i form av prikktildeling ved brot på regelverket, eller på vilkåra i løyvet, sjå kap. 10 i forskrifta.

Sanksjonar som prikktildeling, eller inndraging av sals- og skjenkeløyve kan berre skje på grunnlag av ein skjenkekontroll gjennomført i medhald av kapittel 9 i alkoholforskrifta, eller ein formell rapport frå andre myndigheiter.

Dess alvorlegare brotet er, dess fleire prikkar pliktar vi å gje. Likearta brot skal vurderast som eit enkeltbrot, men fleire likearta brot under ein kontroll kan indikere at det ligg føre skjerpande omstende som gjev grunnlag for fleire prikkar.

Kva type lovbrøt som gjev prikkar, og kor mange prikkar brotet kvalifiserer til går fram av alkoholforskrifta § 10-3. Det er laga ei enkel oversikt i vedlegget «Reaksjonar ved brot på alkohollova». Paragraf § 10-4 opnar for at vi kan gje færre, eller fleire prikkar. Det skal meir til for å gje færre prikkar enn for å gje fleire prikkar.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år har fått totalt 12 prikkar, skal kommunen drage inn løyvet for eit tidsrom på ei veke. Vert det i perioden gjeve fleire enn 12 prikkar, skal vi auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Når vi reknar ein toårsperiode, skal tidspunkta for brota leggjast til grunn. Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jf. alkohollova § 1-6. Ved overdraging av verksemda, byrjar ny periode på tidspunktet for overdraginga, jf. alkohollova § 1-10 første ledd.

Inndraging av eit løyve kan også skje når vilkåra for å ha løyve ikkje lenger er til stades, som til dømes at kravet til uklanderleg vandel i alkohollova § 1-7b ikkje er oppfylt.

7.2 Sakshandsamingsreglar ved brot på regelverket

Det følgjer av § 9-6 i forskrifta at skriftlege rapportar frå skjenkekontrollen skal sendast til sals-, eller skjenkestaden seinast innan ei veke, med ein frist på to veker for eventuelle merknadar. Dersom det er registrert negative avvik, kan rapporten med eventuell tilleggssrapport sendast ut saman med førehandsvarsel om vedtak. Sjå meir om førehandsvarsel under.

Vedtak om inndraging og tildeling av prikkar skal reknast som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Det inneber at det gjeld særskilde saksbehandlingsreglar, sjå forskrifta §§ 10-5 og 10-6 og forvaltningslova.

Før eit eventuelt vedtak om inndraging eller prikktildeling vert gjort, pliktar vi å gje førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16 om at kommunen vurderer eit slikt vedtak og ei grunnngjevinga for dette. Løyvehavar skal også få ein rimeleg frist til å uttale seg om saka.

8.Sals- og skjenkegebyr

Sals- og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsane som er sett i forskrift til alkohollova.

Kommunen gjev frist for rapportering av omsetting, som dannar grunnlag for avgift.

Sakshandsamingsgebyr ved søknad om alminneleg løyve til einskildhøve vert sett til:

Løyve for 1 dag kr. 1200,-. For påfølgande dagar kr. 500,- per dag.

Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Prikkar	Regelbrot
8	Sal, utlevering og skjenking til mindreårige (person under 18 år)
	Brot på bistandsplikta
	Brot på kravet om forsvarleg drift
	Å hindre kommunal kontroll
4	Sal, utlevering og skjenking til person som er openbart påverka av rusmiddel (gjeld både alkohol og narkotika). Skjenking til person som det er grunn til å tru er påverka av rusmiddel
	Brot på reglane om sals-, utleverings- og skjenketid
	Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent til person under 20 år
	Brot på alderskrav for den som sel, utleverer eller skjenker alkoholhaldig drikk
2	Person som er openbart påverka av rusmiddel får tilgang til lokalet, eller at løyvehavar ikkje syt for at ein person som er openbart påverka av rusmiddel forlèt lokalet
	Manglar ved løyvehavar sin internkontroll
	Gjentekne tilfelle med omsetnad av narkotika på skjenkestaden.
	Gjentekne tilfelle av diskriminering
	Manglande levering av omsetnadsoppgåve og forseinka betaling av gebyr.
	Brot på krav om styrar og vara for styrar.

1	Brot på krav om alkoholfrie alternativ
	Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
	Brot på reglane om skjenkemengd for brennevin
	Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m.
	Konsum av alkohol som ikkje er kjøpt på skjenkestaden
	Gjestar tek med alkohol ut frå skjenkelokalet
	Brot på reklameforbodet
	Det vert utskjenka alkohol frå leverandør som ikkje har tilverkings- eller salsløyve, eller som ikkje kan drive engrossal, eller som ikkje er tilverka eller innført med heimel i § 4-2 tredje ledd.”
	Brot på forbod mot å nytte alkoholhaldig drikk som gevinst, eller premie Brot på forbod mot å dele ut alkoholhaldig drikk til forbrukar med marknadsføring som formål
	Brot på forbod mot at person som har salsløyve gjev rabatt ved sal
	Brot på forbod mot innføring og omsetting av einssilde alkoholhaldige drikkar, jf. Alkohollova § 8-13.